



Bjørn Olav Tveit fekk fortente blomar då han takka av i Utdanningsforbundet

Uskedelingen Bjørn Olav Tveit (42) er tilsett som ny rektor ved ungdomskulen i Rosendal og tiltrer ved starten av det nye skuleåret. Han har i mange år vore ein framtrédande og kreativ mann både i heimbygda og kommunen og tilsettinga som rektor skaper store forventningar.

Nyleg takka han for seg som leiar av Utdanningsforbundet i kommunen gjennom 8 år og ellers er han kjent for sitt sterke samfunnsengasjement i mellom anna idrett, friluftsliv, fjellaktivitet og Festidalen. No om dagen har han vore i aktivitet som organisator av Combo Camp, som imidlertid måtte avlysast. Til

**gjengjeld var han typisk nok i arbeid på dugnaden til båtlaget i kveld.  
Han var ferdig med utdanninga si som lærar på Stord i 1999. Det var 3 som søkte på Rosendaljobben.**

uskedalen.no har spurt Tveit om det er draumejobben han no har fått, og svaret er dette:

- Å jobba i skulen er ein draumejobb uansett uansett kva for ein rolle du har. Eg har for min del hatt alle rollar gjennom dei 16 åra eg no har jobba etter etter utdanninga - med eitt unnatak. Det er leiarjobben som eg no får.
- Har du forventningar til skulen du skal leia?
- Eg har store forventningar. Det er ein veldreven og god, nyutbygd skule som eg håpar å bringe vidare både for elevar og lærarar. Eg kjenner fleire av dei tilsette godt og også atskillige elevar.
- Du er ein engasjert uskedeling, men skal no jobba i Rosendal, skal du flytta?
- Nei, eg er uskedeling og kjem til å halda fram med det!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Thor Inge Døssland